

# **Styremøte i V.I.L**

## **Klubbhuset 17.06.2014**

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Karianne Vestre Døving, Trond Håvoll, Kristin G. Sandnes, Ellisiv Jarvik, Inge Sunde, Jan Ole Fuglem og Magne Eivind Glomnes.

Saker:

### **1. Orientering frå gruppene**

Friidrett: Det er bra oppmøte på friidrettscupane.

Elles lite nytt frå gruppene.

### **2. Idavollen**

Kunstgrasnemnda har kome med forslag om å endre planane som stod i den opphavlege søknaden. Det inneber endringar knytt til storleik av bana, byggemåte og kostnader.

Styret meiner det er meir framtidsretta med 9`ar bane. Ein treng heller ikkje ein asfaltkant rundt bana, og kan på den måten spare areal. Prisen vil liggje på om lag 3,2-3,5 millionar uansett og då får vi ei større bane for pengane. Det vil også gå raskare å byggje eit slikt kunstgrasanlegg som nemnda tilrår. Idrettslaget må få ei forhandsgodkjenning frå kommunen og må starte prosessen på nytt. Anlegget vil med den nye modellen ikkje lenger ha status som nærmiljøanlegg.

Styret gir kunstgrasnemnda tilbakemelding om å jobbe vidare med forslaget sitt. Styret støttar å gå inn for membrandekke og utvida bane.

### **3. Utleige klubbhus**

Det har kome klage på betaling knytt til vask av klubbhuset.

- Den som klagar slepp å betale for vasken og betaler kun husleiga på 1500 kr.
- Utleigeavtalen må endrast når det gjeld tidspunkt for overtaking og satsar på utleige av både huset og diverse.

### **4. Sandvolleyball- bane**

Det har blitt sendt søknad til kommunen om å få lage til sandvolleyball-baner på Rådhusmarka. Dersom idrettslaget får løyve til det, brukar vi midlar til det. Styret vil at banene skal kome på plass så raskt som muleg og helst i løpet av juli. Det kan fort bli graveutgifter på om lag 15.000 kr, men ein må rekne med at ein del kan gjerast på dugnad.

### **5. Innkjøp til Olsok**

Idrettslaget kjøper inn to telt til Olsok. Inge Sunde sjekkar ut prisar. Telta kan koste inntil 15.000 kr med seinaste levering 20. juli.

Forslag: 1 telt: 3x3 m og 1 telt: 3x6 m (telt m/ blått tak, to veggjar og utan vindu).